



Notat

Dato: 24.01.2017
Arkivsak: 2014/24011-16
Saksbehandlar: oleskau

Samordna fråsegn - Fylkeskonservatorene - Reguleringsplan - offentleg ettersyn - Bybanen frå Sentrum til Fyllingsdalen - Bergen kommune

Til denne saka gjev vi fråsegn som kulturminnemynde til fleire planar som er ute til høyring samstundes:

- Detaljreguleringsplan *Midlertidig endeholdeplass i Kaigaten Kaigaten* - Plan ID 64840000
- Områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen - delstrekning 1 Nonneseter - Kronstad* – Plan ID 64040000
- Detaljreguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 2 – Mindemyren* – Plan ID 64860000
- Områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 3 Mindemyren – Fyllingsdalen* – Plan ID 64050000

Våre interesser spelt inn til oppstart og planprogram

Hordaland fylkeskommune gav følgjande fråsegn til varsel om oppstart for detaljreguleringsplan *Midlertidig endeholdeplass i Kaigaten*:

«Saka er oversendt til Riksantikvaren som rette mynde, deira brev er lagt ved. Riksantikvarens merknader:

Det foreligger på dette stadiet i reguleringsplanarbeidet ingen planbestemmelser, kun grenser for planområdet. Eventuelle innspill til bestemmelser vil komme når reguleringsplanen legges ut til høring. Riksantikvaren vil imidlertid allerede nå påpeke at hele reguleringsplanområdet skal avmerkes som hensynssone d) automatisk fredet kulturminne: middelalderbyen Bergen, siden kulturminnet her er båndlagt etter kulturminneloven jf. pbl. § 12 - 6 jf. § 11 - 8. Vi presiserer at det ikke kan tas endelig stilling til dispensasjonsspørsmålet før en søknad med tilstrekkelig detaljert plan for hvilke inngrep i grunnen planen krever, foreligger.

Delstrekning 2, Mindemyren, er ein detaljreguleringsplan som er heimla i den vedtekne reguleringsplan Mindemyren, Plan ID 61140000. Regionale og nasjonale kulturminneinteresser er handsama i den vedtekne områdereguleringsplanen Mindemyren Plan ID 61140000.

Hordaland fylkeskommune gav fråsegn om kulturminne til varsel om oppstart og planprogram for delstrekning 1 og 3, ved vedtak i Fylkesutvalet dagsett 29.1.2015, til områdereguleringsplanar som vart lagt ut samstundes. Vi viser til vedtaket for opplisting av våre interesser i dei to planområda.

Vurdering av planforsлага på offentleg ettersyn

Generelt er planmaterialet av god kvalitet, men konsekvensutgreiinga for kulturminne på strekninga Møllendal - Haukeland har stor uvisse. Vi ber om etterhald dersom det er naudsynt med justeringar av banetraséen på denne delstrekninga. Generelt er det vårt syn at arbeidet med Bybanetraséen så langt er betre tilpassa nasjonale og regionale kulturminneverdiar enn kva gang- og sykkelvegplanlegginga er.

Til Detaljreguleringsplan *Midlertidig endeholdeplass i Kaigaten Kaigaten* - Plan ID 64840000 – er å sei at

heile planområdet ligg innafor automatisk freda mellomalderbygrunn i Bergen, Askeladden ID 89049, og må merkast i plankartet som omsynssone H_730 automatisk freda kulturminne: mellomalderbyen Bergen, jf. pbl. § 12-6 jf. § 11-8. Plankart som er lagt ut til offentleg ettersyn har ikkje tatt dette til etterretning og må rettast. Hordaland fylkeskommune skal samordne fråsegna i forvaltingstilfelle der Riksantikvaren har ansvar som fagmynde. Riksantikvaren har fått planen sendt over for fråsegn og vurdering av dispensasjon for løyve til inngrep jf. kulturminnelova § 8.4, då dei er rette mynde i samband med automatisk freda bygrunn.

Det er ikkje klart korleis sykkeltraséen, som følgjer Bybanesporet frå Fløen i den parallele reguleringsplanen med Plan ID 64040000, skal regulerast vidare mot sentrum. I det tronge tverrsnittet mellom freda kulturminne ved Nonneseter, og i Byparken, ser vi potensiale for konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. Vi er elles nøgd med korleis kulturminne er ivareteke i detaljreguleringsplanen.

Til områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 1 Nonneseter - Kronstad* – Plan ID 64040000 har vi følgjande merknader:

Bergens Sjøfartsmuseum gjev fråsegn i høve marine kulturminne. I tillegg til kjende funn i Store Lungegårdsvannet har dei undersøkt delar av sjøbotn ved Møllendal. Kjende automatisk freda kulturminne i sjø er sikra i plan med omsynssone H_730. Dei gav 3.10.2016 følgjande fråsegn:

«*Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 19.-30.09. 2016 dei marinarkæologiske undersøkingane i reguleringsområde for planlagd utfylling ved Draugen båtforening.*
Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14 (skipfunn eldre enn 100 år) som vil ha innverknad på reguleringa. Det vart gjennomført 3 prøvestikk i området utan funn. Det kan verke som sedimenta er utvaska elvemasse av mineralsand og nedbrote organisk materiale.

Vi har elles ingen andre merknader til reguleringa.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne..»

Saka vart i samband med offentleg høyring på ny oversendt Bergen Sjøfartsmuseum, som gav ny fråsegn dagsett 23.1.2017:

«*Det er gjennomført marinarkæologiske registreringer i området. Kulturminnet som er kjend («Lok9») er innarbeida i planarbeidet som «Båndlegging etter lov om kulturminner» og er såleis hensynstatt i planarbeidet. Det var ikkje funne marinarkæologiske kulturminne elles i planområdet.*

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne..»

Vi ber om at merknadene frå Bergen Sjøfartsmuseum vert teke omsyn til.

I samband med reguleringsplanprosessen vart det kravd ei arkeologisk registrering innafor delstrekning 1 då området ved Møllendal og Fløen hadde høgt potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Resultatet frå utgravinga i parsellhagen viser kontinuitet i busettnad i området; det vart påvist eit nytt automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 224929, med datering frå yngre steinalder til jernalder. Reguleringsplanen (plankart Møllendal alternativ 1) er i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet Askeladden ID 224929. For at reguleringsplanen skal kunne eigengodkjennast må det søkast om løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet. Riksantikvaren er rette mynde til å fatte slike vedtak.

Fylkeskonservatoren vil rá til at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd, med vilkår om ei arkeologisk utgraving i regi av Universitetsmuseet i Bergen. Vi vil sende over til Riksantikvaren oppdaterte reguleringsplankart og føresegner. Vi ber difor om oppdaterte kart og føresegner med kulturminne Askeladden ID 224929, som bestemmesesområde.

For at Riksantikvar og Universitetsmuseet i Bergen skal få tilstrekkeleg tid til handsaming av saka gjer vi merksam på at kulturminneforvaltinga i slike tilfelle har ei lovfesta tidsfrist for fråsegn på tre pluss ein månad frå saka er lagt ut til offentleg ettersyn jf. kulturminnelova § 9. Saka vert sendt over til Riksantikvaren når plankart og føresegner er oppdatert. Vanleg sakshandsamingstid hos Riksantikvaren er seks til åtte veker. Riksantikvaren sitt vedtak må innarbeidast i reguleringsføresegna før planen kan eigengodkjennast av kommunen.

Gravhaugen i Fløenbakken 41, Askeladden ID 113867, er eit automatisk freda kulturminne som ligg i nærliken til uttrekkspor o_STJ2. Gravhaugen er foreslått regulert med arealføremål vern av kulturmiljø eller kulturminne, med ei omsynssone H_730 og er bandlagt etter lov om kulturminner. Under «Rekkefølgebestemmelser i føresegna § 4.1» står det: «*Arbeid som berører gravhaugen i Møllendal (Askeladden ID 113867), eller i nærområdet til denne kan ikke settes i gang før tilfredsstillende sikringstiltak er etablert i samråd med kulturminnemyndighetene*». Det må vidare takast med i føresegna at det ikkje kan setjast i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, forandre, skjule, tildekke eller på annen måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkome fare for at dette kan skje.

På Årstadvollen har ein spor etter busettnad frå 2260 f.kr. og framover. Før Olav Kyrre grunnla Bergen var dette eit maktssentrumsområde som var kjent på kontinentet alt på 300-talet e.kr. Føresetnaden for hovdingsetet her var dei gode hamneforholda i Store Lungegårdsvann. Forbindelsen mellom sjøen og kongsgarden var det som i dag er Årstadgjeilen. Alt dette er framleis leseleg i landskapet, mykje grunna frittliggjande småskala bygningar og lommer av attverande terreng i brattlandet ned mot sjøen. Regional kulturminnemynde legg i denne saka mest vekt på å bevare dette heilskaplege systemet leseleg.

Strandsona i heile Store Lungegårdsvann er sidan endra ved utfylling, men nærmest den opphavelige strandlinja er ein ved Draugen Båtforening. Tunelloppninga i alternativ 2 vil slik det ser ut verte eksponert framom Årstadgjeilen. Vi rår i frå alternativ 2.

Alternativ 1 har mindre negativ konsekvens på landskapet knytt til kongsgarden Alrekstad. Vi tilrår alternativ 1, og Fylkeskonservatoren vil tilrå Riksantikvaren å gje løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet ID 224929, med vilkår om ei arkeologisk utgraving.

Det er også tiltenkt store ramper og skjeringar i det historiske landskapet for å lage ekspress-sykkelveg, fotgjengar-ramper og eit nytt uttrekkspor for jernbanen. Samla sett vil tiltaka gje store negative konsekvensar for kulturmiljøet i Møllendal og Fløen. Kulturminnemyndet ser med uro på uvissa knytt til dei store inngrepa der det historiske vegfaret Årstadgjeilen opnar seg mot det som tidligare var hamneområdet til kongsgarden. Vi rår til at ein ser på flytting av desse store konstruksjonane til gang- og sykkelloysingar mot sør, slik at dei kan kome bak forventa framtidig bygningsmasse.

Det bør vidare gjerast avbøtande tiltak for å dempe inntrykket av store installasjonar og terrassar framom vegfaret Årstadgjeilen. Ein kan arbeide med å gjere dei store landskapsinngrepa og konstruksjonane grøne, og det bør ikkje gjevast løyve til store bygningar mot sjøen framom stasjonsområdet. Vi rår til at arealet som er foreslått regulert til BS3 får endra føremål, ved at parkdraget som skal etablerast langs Store Lungegårdsvann strekkjer seg til grensa mot gnr. 163 bnr. 21. Føremål kan være park (GP) eller som ved oppstart torg (ST). Dette kan gjere det mogeleg å få til god formidling av ein fase av historia til Bergen som ikkje kan erfaraast på andre måtar eller stader. Det er naturleg å tenke seg at Bybanen sitt kunstprogram vert kopla inn. I kombinasjon med arealføresegner som opnar for aktivitet og rekreasjon, vil dette være god tilpassing til nasjonale kulturminneverdiar.

Ved stasjonen på Haukeland, like aust for reguleringsplangrensa for N3 - oppgang i nord ved Haraldsplass sjukehus - ligg det eit kjend automatisk freda kulturminne med Askeladden ID 104249. I føresegna under § 2.12 «Krav i anleggsperioden» må det takast med eit eige punkt for å ivareta vernet til dette kulturminnet i anleggsfasen: «*I samband med anleggsarbeid i N3 må det settast opp anleggsgjerde mellom det automatisk freda kulturminnet og bestemmelsesområde #91 (anlegg og riggområde).*»

Vi er nøgde med at det er sett av plass til flytting av «Det Hvite Hus».

Vi ser at dei bygningane som er freda etter § 22a, og har Askeladden ID 148695-1 og 2, ikkje vert påverka av planarbeidet, og vi konstaterer at dei er teke ut av planområdet som skal regulerast. Det same gjeld Haukelandsbakken 2 og dei andre eigedomane som er statleg listeførte med Askeladden ID 148695-3-13, Møllendal kirkegård, Årstad kirke og Årstad telefonsentral. Dersom dei skal takast med i planområdet i framtida må vår merknad til oppstart leggjast til grunn.

Til Detaljreguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 2 – Mindemyren* – Plan ID 64860000 – vil vi peike på tidligare apotekbygning ved Minde stasjon. Bygningen er i områdeplan Mindemyren, Plan ID 61140000 teke i føresegna § 2.5 Kulturminner. Vi ber om at det vert utarbeida dokumentasjonsgrunnlag og gjort vurdering av regulering til bevaring. Slik bygningen ligg er den ein sjeldan identitetsmarkør i området, og kan brukast som ein kvalitet og ressurs i det vidare planarbeidet.

I Områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 3 Mindemyren - Fyllingsdalen* – Plan ID 64050000 vurderer vi Fyllingsdalen Ungdomshus til å være eit lokalt kulturminne som ligg til Bergen kommune å handsame i planarbeidet vidare.

Konklusjon

Generelt er planmaterialet av god kvalitet, men konsekvensutgreiinga for kulturminne på strekninga Møllendal - Haukeland har stor uvisse. Vi ber om etterhald og dialog med kulturminnemynde dersom det er naudsynt med justeringar av banetraséen på denne delstrekninga. Generelt er det vårt syn at arbeidet med Bybanetraséen så langt er betre tilpassa nasjonale og regionale kulturminneverdiar enn kva gang- og sykkelvegplanlegginga er.

Til detaljreguleringsplan *Midlertidig endeholdeplass i Kaigaten* – Plan ID – 64840000 – ber vi om at feil i plankart og føresegner vert retta opp. Hele planområdet ligg innafor automatisk freda mellomalderbygrunn i Bergen, Askeladden ID 89049, og må merkast i plankartet som omsynssone H_730 automatisk freda kulturminne: mellomalderbyen Bergen, jf. pbl. § 12-6 jf. § 11-8. Plankart som er lagt ut til offentleg ettersyn har ikkje tatt dette til etterretning og må rettast.

Riksantikvaren har som rette mynde fått planen sendt over for fråsegn og vurdering av dispensasjon for løyve til inngrep jf. kulturminnelova § 8.4. Vi vil ettersende fråsegn frå Riksantikvaren i løpet av høyningsperioden når det ligg føre.

Til Områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen - delstrekning 1 Nonneseter - Kronstad* – Plan ID 64040000 har vi fleire merknader.

Vi ber om at merknadene til Bergen Sjøfartsmuseum vert teke omsyn til.

Vi ber om at føresegner knytt til regulering av gravhaugen i Fløenbakken 41, Askeladden ID 113867, vert retta opp.

Registreringa i parsellhagen har gjeve funn av eit nytt automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 224929. Reguleringsplanen (plankart Møllendal alternativ 1) er i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet Askeladden ID 224929. Faglege vurderingar viser at alternativ 1 har føremoner framføre alternativ 2. Grunna konflikt må alternativ 1 for å kunne la seg realisere handsamast av rette mynde, Riksantikvaren, for dispensasjon frå kulturminnelova. For at planen skal kunne eigengodkjennast må endeleg fråsegn i frå Riksantikvaren ligge føre og deira vilkår takast inn i endeleg planforslag. Hordaland fylkeskommune legg opp til at dette kan skje innan dei lovheimla fristane i saka. Frist til endeleg fråsegn for kulturminnevernet vert slik satt til tre månader etter høyring, 7 april 2017.

Kulturminnemyndet ser med uro på dei store inngrepa der det historiske vegfaret Årstadgeilen opnar seg mot det som tidligare var hamneområdet til kongsgarden. For Hordaland Fylkeskommune er samanhengen i kulturlandskapet knytt til den tidligare kongsgarden Alrekstad det vi legg mest vekt på for denne delstrekninga. Vi rår i frå alternativ 2, der dei synlege inngrepa er størst, og tilrår alternativ 1. Fylkeskonservatoren vil tilrå Riksantikvaren å gje løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet Askeladden ID 224929, med vilkår om ei arkeologisk utgraving.

Det bør gjerast avbøtande tiltak for å dempe inntrykket av dei store installasjonane framom vegfaret Årstadgeilen. Vi rår til at ein vurderer flytting av desse store konstruksjonane til gang- og sykkelloysingar mot sør, slik at dei kan kome i skjul bak forventa framtidig bygningsmasse. Reguleringsføremålet i detaljregulering av BS3 bør endrast til eit føremål som ikkje opnar for store bygningar på staden, og ein bør her arbeide med formidling av dei store kulturminneverdiane i området.

Vi ber om at føresegner knytt til regulering av det automatisk freda kulturminne ved Haraldsplass sjukehus, med Askeladden ID 104249, vert retta opp.

Til Detaljreguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 2 – Mindemyren* – Plan ID 64860000 – ber vi om at vår merknad om tidligare Minde Apotek vert vurdert.

I Områdereguleringsplan *Bybanen til Fyllingsdalen delstrekning 3 Mindemyren - Fyllingsdalen* – Plan ID 64050000 vurderer vi Fyllingsdalen Ungdomshus til å være eit lokalt kulturminne som ligg til Bergen kommune å handsame i planarbeidet vidare.

Med helsing,

David Aasen Sandved
ks. Fylkeskonservator

Ole Vegard Skauge
Spesialrådgjevar

